

# Innesnødd

Rønnaug Kleiva -  
Malgorzata Piotrowska:  
Ein underleg vinter,  
Det norske Samlaget.



Rønnaug Kleiva er ein forfattar som veit kva ho gjør. I biletboka "Ein underleg vinter" har ho skrivé tekst til ei biletforteljing av Malgorzata Piotrowska, ein illustratør eg ikkje kjenner, men som minner meg litt om Knut Jørgensen.

Dette er ei forteljing for små born. Forfattaren gjør ikkje meir ut av teksten enn det som konkret går fram av bileta, og forma er sober.

Eg-forteljaren blir mobba i barnehagen. Det gjør vondt sjølv om mor veit å trøyste. Ein dag blir det likevel for mykje for mor og barn. Dei vil bort, fyller bilen med mat og varme klede og køyrer ut i vinteren. Men au - dei blir tekne av eit snøras, og bilen pakka ned i snømassane.

Korleis dei overlever?

Ja, det fortel historia om i enkle bilete og ord. Dei blir ikkje gravne fram av brøytemannskapa og kjem i avisa etterpå. Dei smeltar snøen ved å spa omkring bilen og lagar luftehol. Og ein dag ser dei den blå himmelen. Då kan dei klatre opp på vegkanten, sette seg i fjellskråninga og sole seg, be om haik når det kjem ein bil, og reise heim til arbeid og barnehage. "Hallo, her er eg!.. Er de der?"

Forfattaren har ikkje falle for freistinga å gjøre noko ekstraordinært ut av denne historia. Likevel vil den som les boka, forstå at det også dreier seg om noko anna enn å bli teken av eit snøras og sperra inne av snømengda. Forteljinga har dobbel botn.

Illustrasjonane er i vassfargar, slett ikkje unorske om namnet til illustratøren er austeuropeisk. Fargespektret endrar seg frå blågrått til gyllent pastell i slutten av forteljinga av di stemninga i boka har skift lægje.

I denne biletboka får tekst og bileta lov å leve i kraft av seg sjølv utan nokon dirigerande peikefinger frå forfattar og illustratør.

*Else Breen.*